Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:
https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

## Uttalelse om øvrige lovmessige krav

**Konklusjon om utdeling og forvaltning**
Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at stiftelsen er forvaltet og utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Bø i Telemark, 11. januar 2024
**REVISJONSSELSKAPET AS**

Svein G. Foss
statsautorisert revisor
*(elektronisk signert)*

Penneo Dokumentnøkkel: VS30G-JJL3P-YFCIN-HPUDT-C7JUS-3IN8D

PENNEO

*Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.*

*"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."*

**Svein Gunnar Foss**
**Oppdragsansvarlig revisor**
*Serienummer: 9578-5999-4-1236880*
*IP: 92.221.xxx.xxx*
*2024-01-15 07:02:57 UTC*

bank ID

*Penneo Dokumentnøkkel: VS30G-JJL3P-YFCIN-HPUDT-C7JUS-3IN8D*

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com.** Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

**Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?**
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validator**


Telemarkfestivalen
Resjemheia+++
...og mykje meir!
Gullbring Kulturhus www.gullbring.no
Tlf 35 06 03 90
www.telemarkfestivalen.no
KULTURRÅDET
Arts Council Norway
Vestfold og Telemark
FYLKESKOMMUNE
Midt-Telemark kommune
Bø blad
energi
SpareBank
SØRØST-NORGE




# Velkomen til Telemarkfestivalen 2023!

Fy fela som me har gleda kånn til **Telemarkfestivalen 2023**! Me gledar kånn til eit mangfaldig og godt program med mykje flott lokal, nasjonal og internasjonal folkemusikk! Me gledar kånn til to spennande tingingsverk på Bøhaugen, me gledar gånn til ein råtøff fredagskveld på Kroa i Bø, me gledar kånn til yrande folkeliv på Torgfestivalen, me gledar kånn til laurdagsmoro i Gullbring Amfi, me gledar kånn til ein flott familiedag og Borgjakonsert på Evju bygdetun - me gledar kånn rett og slett til å skipe til ein fantastisk festival med mange unike og magiske augneblinkar! Og me gledar kånn til å sjå DEG!

**Fy fela så velkomen du er!**

Med beste helsing,
Evy Beate Stykket, Heidi Elise Klokkehaug, Idrak Abbasov, Anders Hefre, Torgeir Gullbekk Hansen, Gudrun Straand, Evelyn Utigard, Kristoffer Mosfjeld og Knut Eirik Hult.
*Styret og administrasjon*

Eventuelle endringar og meir detaljert informasjon om programmet for årets festival finn du på festivalen sin nettstad www.telemarkfestivalen.no og på festivalen si Facebook-side.

post@telemarkfestivalen.no
Tlf 48 20 50 66
www.telemarkfestivalen.no

2




## Tingingsverk: «SOM LINDI BERE LAUV»

TORSDAG 10. AUGUST :: BØ KYRKJE :: KL 19.00 :: 335,-

### Religiøse folketonar i ny drakt

Livssyklusen har alltid vore noko komponistar og diktarar har latt seg inspirere av. Med utgangspunkt i lokale tradisjonar, har Anders Hefre og Johanne Flottorp laga eit nytt verk som tek føre seg alt eit musikalsk menneskeliv kan innehalde: Byssande bånsullar i byrjinga, rask springartakt om våren, seige gangarsteg i kveldinga og ettertenksam valsing før alt er over.

Inspirert av folkemusikkmessa på Ål og andre kyrkjelege verk, har Flottorp og Hefre laga komposisjonar med ei kyrkjeleg form, men med innhald som sameiner det verdslege og det religiøse. Tingingsverket deira er delt inn i tre satsar, der ein folketone vil danne grunnlaget for kvar sats. Slik komponerte dei i tidlegare tider kantater utifrå dagens tekst i gudstenesta. Kvar sats i konserten inneheld mykje nyskriven musikk basert på gamle songar, men det er også brukt eldre stoff som er henta frå arkiv og notenedskrifter. Hefre og Flottorp vil ha med seg eit framifrå ensemble med fleire lokale utøvarar, og i lag vil dei ta publikum med på ei meditativ og tankefull, musikalsk reise. Ei reise frå livets vår til livets vinter - slik «som lindi bere lauv».

**Medverkande**
**Anders Hefre** - treblåseinstrument, trøorgel
**Johanne Flottorp** - feler, vokal
**Anders Røine** - langeleik, munnharpe, vokal
**Åsmund Solberg** - gitarar
**Anders Bitustøyl** - bass
**Anne Gravir Klykken** - vokal
**Jostein Rørmark** - perkusjon

Tingingsverket er særskild støtta av Vestfold og Telemark fylkeskommune og Norsk Kulturråd. Me takkar!

3



## Tingingsverk: «SONGHUS»

TORSDAG 10. AUGUST :: BØ GAMLE KYRKJE :: KL 21.00 :: 335,-

### Spennande møte mellom norsk og irsk folkemusikk!

I tingingsverket «Songhus» vil me møte folkemusikarane Anne Hytta frå Noreg og Caoimhín Ó Raghallaigh frå Irland. Anne Hytta og Caoimhín Ó Raghallaigh har mykje til felles i måten dei nærmar seg folkemusikktradisjonane på i den kunstnariske verksemda si. Hytta og Ó Raghallaigh er to høgt akta og internasjonalt anerkjende utøvarar. I deira kunstnariske verksemd har dei stor respekt for tradisjonen når dei komponerer og arrangerer ny musikk, der tradisjonelle og meir moderne tilnærmingar til folkemusikken gjer seg gjeldande. I konserten vil dei ha med seg bassist Jo Fougner Skaansar som Hytta har jobba med i ulike samanhengar tidlegare, og den norsk-amerikanske felespelaren Dan Trueman, som gjennom ei årrekke har spelt i duo med Ó Raghallaigh - noko som vil gi eit godt grunnlag for ein kraftfull og eigenarta strykekvartett.

Det er sterke band mellom den norske og den irske folkemusikktradisjonen, og i tingingsverket vil publikum få oppleve eit unikt møte mellom to sterke folkemusikktradisjonar og to unike utøvarar. Til komposisjonane har Hytta og Ó Raghallaigh late seg inspirere av gamle inskripsjonar i Bø gamle kyrkje, og desse har òg gitt namn til sjølve tingingsverket. «Songhùs» er eit uttrykk for eit heilagt rom på gammelnorsk.

**Medverkande**
**Anne Hytta** - hardingfele
**Caoimhín Ó Raghallaigh** - hardanger d'amore
**Dan Trueman** - hardanger d'amore
**Jo Fougner Skaansar** - kontrabass

Tingingsverket er i samarbeid med Riksscenen og er særskild støtta av Norsk Kulturråd. Me takkar!

4

## FESTIVALKVISS MED TORGEIR

TORSDAG 10. AUGUST :: THE BULL INN :: KL 20.00 :: GRATIS!

### Festivalkviss på Bull!

I samarbeid med Bull Inn er me glade for å kunne invitere til ein akkurat passe vanskeleg festivalkviss. Kvissmester vil vere Torgeir Gullbekk Hansen, og spørsmåla vil som vanleg vere ei fin blanding av musikkrelaterte spørsmål - og heilt andre tema! Det blir ein fin premie til vinnarlaget!

Kvissen startar kl 20:00, og vil vare i om lag to timar.



## ROSE LOGAN & MAGNUS WIIK

TORSDAG 10. AUGUST :: THE BULL INN :: ca KL 22.30 :: GRATIS!

### Musikalsk reise til Skottland og Cape Breton!

Rose Logan og Magnus Wiik har begge gjort seg merka i skotske, irske og amerikanske musikkmiljø, og i denne konserten møtast dei som ein duo med felles kjærleik for drivande skotsk folkemusikk frå både Skottland så vel som Cape Breton på Nova Scotia. Duoen opererer hovudsakleg innan det klassiske fele/gitar-formatet, og har ein heilstøypt «no-nonsense»-tilnærming til tradisjonen - samstundes tek dei nokre avstikkarar til Irland, Quebec, Kentucky og Flatdal. Med banjo, fløyte og hardingfele i bagasjen skaper duoen eit variert og fengande uttrykk.

Rose Logan har tross sin unge alder fått store musikarar til å trekke fram superlativane i både Noreg og Skottland. Rose er spådd ei lysande karriere og vert rekna som ein av dei mest spennande unge utøvarane i Skottland. Magnus Wiik er for mange kjend gjennom bluegrass-band som Open String Department og Julie & The New Favorites, og har fått skussmål som «ein av vår tids mest innovative og geniale musikktolkarar». Han vert fint skildra av Leiv Solberg som «ein norsk utgåve av Béla Fleck, Ricky Skaggs og Tony Rice i ein og same person» (Leiv Solberg, Folkemusikktimen).

**Medverkande**
**Magnus Wiik** - vokal, gitar, banjo, fele
**Rose Logan** - vokal, fele

*Obs! Fredag 11. august spelar Magnus og Rose òg konsertar på bygdeheimen i Bø kl 10:30 og på bygdeheimen i Gvarv kl 12.00.*

5



Foto: Knut Utler

## PER ANDERS BUEN GARNÅS OG STEIN VERSTO: «TUNTREET»

FREDAG 11. AUGUST :: NYE SJODAR - EVJU BYGDETUN :: KL 16.00 :: 285,-

### Heimlege toner og ord

Vel møtt til poesikonsert der ordet og tonen står i sentrum. Konserten vekslar mellom solo hardingfelespel og diktlesing - krydra med kortfatta refleksjonar om livet og poesien, der både alvoret og det mindre alvorlege får rom. Ordet tun har med det heimlege å gjere. Tunet er staden der husa rammar inn og skaper rom, og midt på tunet står treet. Ord og spel vil krinse rundt dette biletet - i vid forstand.

Per Anders Buen Garnås er spelemann, utdanna ved Spelemannsskulen ved Ole Bull Akademiet på Voss, og vart under Folkelarm i 2022 kåra til «Årets folkemusikar»! Han har vunne Landskappleiken på hardingfele fire gonger, han har vunne FolkeLarm-prisen to gonger, og han har vore nominert til Spellemann-prisen tre gonger.

Stein Versto frå Vinje i Telemark er forfattar og lyrikar, omsetjar og spelemann. Han debuterte som forfattar med novellesamlinga «Ho blei borte i trappene» i 1990, som han fekk Tarjei Vesaas' debutantpris for. Seinare har han gjeve ut tre diktsamlingar, roman og ei prosabok om folkemusikk og utvandring, skrive essay og ei rekkje songtekstar tonesette av norske artistar, blant dei særleg Odd Nordstoga.

**Medverkande**
**Per Anders Buen Garnås** - hardingfele
**Stein Versto** - stemme



Foto: Knut Utler

## UngFolk

FREDAG 11. AUGUST :: FRAMSTUGO, GULLBRING :: KL 17.30 :: GRATIS!

### Høyr framtida i norsk folkemusikk allereie no

UngFolk kjem til Telemarkfestivalen med høge spark og spente bogar! UngFolk er eit sommarkurs for born og unge mellom 8 og 20 år. Denne konserten markerer avsluttinga på ei flott kursveke der deltakarane viser fram noko av det dei har lært.





Foto: Knut Utler

## OPNINGSKONSERTEN

FREDAG 11. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING :: KL 19.00 :: 365,- (ink. festivaldans e. Opningskonserten)

### Konfekteska med dei mange gode bitane

I årets opningskonsert vil me møte poeten Stein Versto og spelemann Per Anders Buen Garnås, me vil møte gruppa Yagody med flotte, fleirstemde folketonar frå Ukraina, me vil møte dei plateaktuelle gutta i Hått sa'ru? som på klingande bøhering framfører morosame viser om både «måsabjønner» og «berullar», me vil møte gjengen i Folkemusikk fordjuping som byr på nydeleg song, energisk dans og flott spel, me vil møte Spellemannpris-vinnar Ingrid Jasmin som står for ei unik blanding av norsk og meir sydlandsk folkemusikk, me vil møte Ottar Kåsa og høyre korleis hans nyaste kreasjon - ein hardingcello - let, me vil møte gitarist Magnus Wiik og felespelar Rose Logan med livlege reels og jigs frå Skottland - og sist, men absolutt ikkje minst: me vil møte Spelemannslaget Bøheringen og Bø Dansarring som avsluttar kalaset og spelar publikum ut til dans i Framstugo!

Skodespelar og bøhering Bjørn Hallgeir Myrene vil formelt opne årets festival, medan Aasmund Nordstoga vil leie oss gjennom konserten med stødig hand!

***Velkomen til ei nydeleg konfekteske av ein konsert!***

**Meir info**

Alle med billett til Opningskonserten kjem gratis på konsert med Hått og festivaldans i Framstugo etter konserten!




## FESTIVALDANS MED HÅTT

FREDAG 11. AUGUST :: FRAMSTUGO, GULLBRING :: KL 21.00 :: 235,-

### Ein skikkeleg «Hått» festivaldans!

Den smått legendariske gruppa Hått starta opp i 1997 som ein duo med Per Anders Buen Garnås og Nils Øyvind Bergset, men vart raskt utvida med Anders Erik Røine. Hått speler tradisjonelle runddansslåttar som har vore spelt på hardingfele. Musikken skil seg frå standard runddansslåttar i melodigangar, rytmekjensle og oppbygging. Slåttane høyrer til ein gamal og særeigen type runddansslåttar frå den første tida der europeiske impulsar møtte dei gamle norske bygdedansane. Me kan love heit stemning på dansegolvet!

*Etter dansekonserten med Hått held dansen fram utover festivalkvelden med spel frå dei beste dansespelutøvarane me har!*

**Medverkande**
**Per Anders Buen Garnås** - hardingfele
**Nils Øyvind Bergset** - trekkspel
**Anders Erik Røine** - gitar

VI ER STOLT SPONSOR AV TELEMARKFESTIVALEN

SPIS MIDDAG FØR KONSERT I VÅR RESTAURANT

BØ HOTELL
Restaurant - Selskap - Overnatting



## INGRID JASMIN

FREDAG 11. AUGUST :: KROA I BØ :: KL 21.00 :: 365,-(Obs! Ein billett for heile kvelden på Kroa i Bø)

### Eit blendande møte mellom norsk og meir sydlandsk folkemusikk!

Ingrid Jasmin vakte oppsikt med debutsingelen «Pilgrim» i 2021. Dette var noko utanom det vanlege på den norske musikkscena: Ei elektro-akustisk blanding av norsk folkemusikk og flamenco, med nydeleg, eigenarta stemme og ein dose pop-sensibilitet!

Hausten 2022 slapp ho debutalbumet «Luna» til strålande omtalar og femmar i Aftenposten, under overskrifta «Nydeleg stemmeprakt». Med seg på plata har ho eit stjernelag av musikarar og produsentar: Mathias Eick, Eyolf Dale og Tuva Færden med fleire. Plata vann Spellemann-pris i open klasse.

Den unge, talentfulle songaren vaks opp omgjeven av folkemusikk i Telemark, men har samstundes dyrka røtene sine i den spansktalande verda. Ho har budd fleire år i Cuba og Spania, der ho har gått djupt inn i den tradisjonelle musikken. Den uvanlege blandinga av norsk og spansk tradisjonsmusikk høyrest kanskje merkeleg ut på papiret, men Ingrid Jasmin har stemma, kunnskapen og musikaliteten som får det til å fungere heilt fantastisk! Release-konserten for «Luna» vart spelt på ei utseld Nasjonal Jazzscene under Oslo World, og hausta glitrande omtale. Til Telemarkfestivalen kjem Ingrid Jasmin med eit heilt fantastisk ensemble - med mellom andre Mattis Kleppen og Sunniva Langås-Røiland frå Bø!

**Medverkande**
**Ingrid Jasmin** - vokal
**Mathias Eick** - trompet, synth
**Andreas Ulvo** - piano, laptop, synth
**Almir Meskovic** - akkordeon, laptop, synth
**Yannick Corre** - flamencogitar, palmas
**Fernando Maya** - cajón, palmas
**Mattis Kleppen** - bass
**Sunniva Langås-Røiland** - hardingfele
**Sidiki Camara** - ngoni, perkusjon
**Jonas Kroon** - lyddesign






## RESJEMHEIA+++

FREDAG 11. AUGUST :: KROA I BØ :: ca KL 22.30 :: 365,- (Obs! Ein billett for heile kvelden på Kroa i Bø)

### Superband vert om mogleg enda meir supert!

Resjemheia og Telemarkfestivalen har tette band. Bandet vart etablert med dagens besetning på Telemarkfestivalen i 2015 då dei framførte det fantastiske tingingsverket, «El Bokko». I åra etter har bandet malt dette spennande musikalske landskapet vidare med fleire utgjevingar og mange konsertar. Denne musikalske gumboen læt både vart og utagerande, heftig og inkluderande - og gir eit unikt musikalsk utgangspunkt. Namnet Resjemheia kjem frå heia ein må køyre over frå Bø til Notodden - frå folkemusikken til bluesen - frå Telemark og ut i verda og heim att.

No er tida inne for neste kapittel i soga: Resjemheia +++! Som namnet kanskje peikar på, er det snakk om eit kraftverk av ein konsert med Resjemheia i utvida besetning. Mattis Kleppen, Ottar Kåsa og Kenneth Kapstad får følgje av gitarist Per Borten frå Spidergawd, saksofonist Kjetil Møster og gitarist Viktor Wilhelmsen på scenen. Det vert både ny musikk og gamle hits. Oppskrifta er framleis den same - eit kraftfullt møte mellom blues-musikk frå Vest-Afrika og Mississippi og hardingfeleslåtter frå Telemark - berre med enda meir bensinlukt og trykk på pedalen enn tidlegare!

**Medverkande**
**Mattis Kleppen** - elektrisk og akustisk bass
**Ottar Kåsa** - hardingfele
**Kenneth Kapstad** - trommer
**Kjetil Møster** - saksofon
**Per Borten** - elektrisk gitar
**Viktor Wilhelmsen** - elektrisk gitar





## MÍO

FREDAG 11. AUGUST :: KROA I BØ :: ca KL 00.00 :: 365,- (Obs! Ein billett for heile kvelden på Kroa i Bø)

### Ditt nye favorittband?

MÍO har markert seg i undergrunnen med å levere energiske og forlokkande konsertar. MÍO er eit friskt pust i folk-rockens univers som med vokalist Dionisia Fjelldalen i front grip tak i lyttaren og nektar å gi slepp. Musikken fengar og treff hardt utan å miste balansen med sine dynamiske og meir sårbare sider. Ei rik inspirasjon frå norsk folkemusikk, 70-tallsprog, norsk rock og punk gir MÍO eit stort rom for leik og eksperimentering. Fuzza felespill og krulling møter eit stort arsenal av folkemusikkinstrument, jazz-inspirert rytmeseksjon, suggererande bass og vrengt gitar. MÍO har base i Oslo og består av seks musikarar frå hele landet. Bandet vart starta av vokalist Dionisia Fjelldalen og bassist Marianne Friisberg Larssen i 2019, og i 2020 kom EP'en «MÍO» til strålande kritikkar.

Debutalbumet «Ingen tid å miste» kom i juni. No er dei klare til å blåse taket av Kroa i Bø, og etter denne konserten kan det godt hende at MÍO er ditt nye favorittband!

**Medverkande**
**Dionisia Fjelldalen** - vokal
**Marianne Friisberg Larssen** - bass
**Maja Hveding Styffe** - fele, hardingfele
**Jakob Nome** - gitar
**Henrik Hagen Johnsen** - piano, synth, trekkspill, nøkkelharpe, sitar, tverrfløyte med meir!
**Eilif Hallingstad Finnseth** - trommer og perkusjon

SENTRUMSRINGEN
handelsstanden i Bø

Stebi HAIR & BEAUTY
LOKALMEGLEREN PARTNERS
IDEA KOMPETANSE

Brukås Sport AS
Bø Auto AS
KIWI mini pris

Blomster
Tusen takk til nærings-livet i Bø for støtta til festivalen!
ESPEDALEN

ALMANKÅS
superlativ superlativ.no

HAUGESTØL VVS AS
REMA 1000

HOLTANKLINIKKEN
FARGERIKE Bø Maling a/s
Sentrum Vaskeri og Renhold AS


12



# TORGFESTIVALEN – EIN FESTIVAL I FESTIVALEN

LAURDAG 13. AUGUST :: BØ TORG :: KL 11.00-17.00 :: GRATIS!

## Musikk, marknad og leik på torget!

Me vil invitere alle born, unge, unge vaksne, vaksne og eldre vaksne til å delta på Torgfestivalen – ein festival i festivalen! Telemarkfestivalen sin eigen torgdag har blitt svært populær! Me gledar kånn til yrande folkeliv på torget med flotte gratiskonsertar, dans, Roheim-parade, spennande marknad og artige aktivitetar for store og små! Det er valår, og me vil difor invitere til en rein kulturdebatt der dei forskjellige partia vil diskutere aktuelle tema innan kulturlivet i vår regionen. Debatten vert leia av redaktør i Varden, Tom Erik Thorsen.

**Program for Torgfestivalen:**
Kl 11:00 – Torgfestivalen opnar
Kl 12:00 – Konsert med Yagody frå Ukraina
Kl 13:00 – Konsert med Hått sa'ru? i Evjudalen
Kl 14:00 – Kulturdebatt
Kl 15:00 – Roheim-parade med dans
Kl 16:00 – Framsyning frå Folkemusikk fordjuping
Kl 17:00 – Torgfestivalen stengjer

***Endringar kan kome!***

Torgfestivalen er støtta av Sparebankstiftinga Bø og Sparebankstiftelsen Telemark! Me takkar!

13



Familiekonsert med Jypling: «HÅTT SA'RU?»

LAURDAG 12. AUGUST :: EVJUDALEN :: KL 13.00-14.00 :: GRATIS!

## Hått sa'ru, sa'ru? Plateslepp?

Det er ikkje alltid lett å skjønne hått alle i dette langstrakte landet seier – men det norske språket er rikt, vakkert og morosamt i alle sine former. På klingande bøheringsmål serverer Stian Dalen, Anders Hefre og Jostein Rørmark i bandet Jypling familiekonserten «Hått sa'ru?», der språk og dialekter står i sentrum. Musikken spenner frå godnatt-songar til bakgårdsblues og rock'n'roll. Publikum vert invitert til å delta i song, leik og dans, og kanskje får ein lære hått ein «måsåbjønn eller ein «berull» eigentleg er for noko? Kan hende du også har nokre flotte dialektord som kan brukast i ein song?

Jypling har laga stor stemning og formidla si kjærleik til dialekter og musikk på fleire turnéar med konserten gjennom Den kulturelle skulesekken dei siste åra. No er dei klare med sitt fyrste album – noko som skal feirast med brask og bram med eigen platesleppkonsert på Telemarkfestivalen! Fy fela som me gledar kånn!

**Medverkande:**
Stian Dalen – gitar, vokal
Anders Hefre – piano, vokal
Jostein Rørmark – trommer, vokal
Andreas Haga – bass
Johanne Flottorp – fele
+ overraskingar

***Obs! Viss veret er dårleg, vert konserten flytta under telt på torget.***





SUDAN DUDAN + SYNNØVE BRØNDBO PLASSEN

LAURDAG 12. AUGUST :: KONSERTLÅVEN I NORDBØVEGEN 10 :: KL 16.00 :: 285,-

## Kanskje noko av det finaste du får høyre i år

**Sudan Dudan** er norsk folkemusikk på sitt aller finaste med nydelege melodiar og vakre klangar. Sudan Dudan speler akustisk med gitar, munnharpe, langeleik og ikkje minst ein tostemd vokal som kan gi deg kjensla av seinsommarkveld på fjellet. Med norsk folkemusikktradisjon som utgangspunkt utviklar Marit Karlberg og Anders Erik Røine sjangaren slik at det vert både rytmisk og fengande – heile tida vakkert som ein sildrande fjellbekk. Duoen nyttar ofte gamle tekstar som dei varsamt former til sine eigne. I 2023 feirar duoen 20 år i lag som musikalske følgjesvener ved å utvide duoen til ein kvartett, og til Telemarkfestivalen har dei med seg Kåre Opheim på trommer og Sondre Meisfjord på kontrabass. I lag vil dei undersøke korleis Sudan Dudan sitt rikhaldige uttrykk kan forsterkast, strekkast og få eit enda større spenn!

**Synnøve Brøndbo Plassen** er ein folkesongar frå Folldal i Innlandet. Oppveksten vart prega av mykje musikk – og då særleg folkemusikk og gammaldans. Repertoaret hennar inneheld alt frå salmar og bånsullar til slåttestev og skillingsviser – hovudsakleg frå Østerdalen og Trøndelag. I 2021 kom ho med debutalbum «Hjemve» som ho var nominert til Spellemann-pris for. I 2022 fekk ho også Folkelarm-prisen for beste solo-album. Brøndbo Plassen A-klassing i vokal på Landskappleiken, og har dei siste åra mottatt en rekke utmerkingar. Til hausten kjem ho med ny plate som vil dreie seg om folkesong knytt til livet på setra.

***Velkomen til det som vert ein nydeleg ettermiddag i Konsertlåven!***

**Medverkande:**
**Anders Erik Røine** – vokal, gitar, munnharpe
**Marit Kalberg** – vokal, langeleik
**Sondre Meisfjord** – kontrabass
**Kåre Opheim** – trommer

**Synnøve Brøndbo Plassen** – vokal




## NI LIV - 20 ÅR - Jubileumskonsert

LAURDAG 12. AUGUST :: GULLBRING AMFI :: KL 19.30 :: 365,- / 555,-

### 20 år med lyden av Midt-Telemark!

Ni Liv er eit americana-band frå Bø og Midt-Telemark med tekstar på norsk. Musikken speglar heile bandets kollektive basseng av musikalske idéar og krumspring. Ni Liv har sidan starten i 2003 spela over 400 konsertar rundt i Noreg og gjeve ut 7 studioalbum, 2 ep-ar og ei konsertplate. Plata «Langhelg» frå 2011 blei nominert til Spelemannspris i countryklassa. Bandet har vore lista på P1s spelelister heile 11 gonger. Låtar som «Håkken e du», «Det var den gong», «Kastanjehår», «Merkeband», «Gruble i kor» og «Ikkje spør» blir framleis jamnleg spela på norgeskanalen og andre riksdekkande radiostasjonar.

Mykje av den musikalske inspirasjonen er henta frå bandmedlemmenes største heltar: Old Crow Medicine Show, Paul Simon, The Rolling Stones, Bruce Molsky, The Band, Steve Earle og Dolly Parton. Tekstane gjev eit usminka blikk på livet og tida me lever i. Ni Liv skriv og komponerer, arrangerer og produserer all musikken sin sjølv, og spelar inn låtane live i studio. Det skal vera ekte og energisk!

I 2023 feirar Ni Liv 20 år på vegen med ein eigen jubileumskonsert som seg hør og bør med musikalske gjestar på heimebane på Telemarkfestivalen.

**Medverkande:**
**Jon Solberg** - vokal, gitar, fele
**Jan Birger Akerhaugen** - gitar, kor
**Knut Olav Sandvik** - bass, kor
**Terje Meisingset** - tangenter
**Eivind Aase** - trommer
+ overraskingar

**Meir info**

NB! Viss det blir meldt om kraftig regn laurdag 12. august blir konsertane flytta frå Amfiet inn i Gullbringhallen. Dette blir varsla på Facebook, heimsider og med plakatar på festivalkontor og arenaer.

Konserten er særskild støtta av Telemark Energi og Kraftriket! Me takkar!

16




## YAGODY

LAURDAG 12. AUGUST :: GULLBRING AMFI :: ca KL 21.30 :: 365,- / 555,-

### Festmusikk frå Ukraina!

*- Kvar augneblink i ein person sitt liv har sin eigen song,* seier Zoryana Dybovska som grunnla Yagody i 2016 i den vestukrainske byen Lviv saman med tre andre kvinner. Dei fire kvinnene reiste så på kryss og tvers av Ukraina for å utforske dei mange musikalske tradisjonane landet har. I kjølvatnet av denne reisa har Yagody tilegna seg eit enormt repertoar av rytmar, poesi og melodiar om kjærleik og store og små ting i livet. Gruppa har òg henta eit mangfaldig utval av folkemusikk frå andre land, til dømes Serbia, Makedonia og Bulgaria, og slik har gruppa skapt sitt heilt unike uttrykk. Med Yagody kan ein forvente ei gruppe unge kvinner med fortryllande nærvær, nydelege stemmer og stor stemning. Telemarkfestivalen er glade for å kunne presentere det som garantert vert ei fantastisk konsertoppleving for både Midt-Telemarkingar og det store talet flyktningar som har kome til Midt-Telemark som følgje av krigen i Ukraina.

**Medverkande:**
**Zoryana Dybovska** - vokal
**Sofia Leshishak** - vokal, djembe
**Valeria Mocharska-Lyulchyk** - vokal, perkusjon
**Tatiana Voitov** - vokal, bayan
**Timur Gogitidze** - perkusjon
**Vadym Voitovych** - bass

***30 kr av kvar selde billett til denne konserten vil gå til stiftinga NSFUR som har som føremål å hjelpe ukrainske flyktningar med trygg transport til Noreg, samt samle inn og sende naudhjelp.***

**Få med deg alle konsertene denne kvelden!**
**Kjøp samle-billetten «Heilaften»!**

17



## STEVE'N'SEAGULLS

LAURDAG 12. AUGUST :: GULLBRING AMFI :: ca KL 23.00 :: 365,- / 555,-(Same billett som Yagody)

## Klassiske rockelåtar i blågras-drakt

Steve'n'Seagulls frå Finland er kjend for spinnville konsertar der dei kler klassiske rockelåtar i ei fantastisk fengande blågras-drakt. Bandet starta med å spele inn låtar som dei publiserte på YouTube. Dei fekk stor merksemd og derifrå gjekk vegen fort til platekontrakt og konsertar over heile verda, og dei har ein enorm mengde fans! Om ein skal leggje talet på følgjarar på Facebook til grunn, så er Steven'n'Seagulls det klart største bandet som har vore på Telemarkfestivalen nokon gong. Her vil du mellom anna få høyre Iron Maiden sin «The Trooper», AC/DC sin «Thunderstruck» og Led Zeppelin sin «Black Dog» slik du aldri har høyrt dei før!

Med Steve'n'Seagulls vandrar tankane fort over til den hardbarka actionskodespelaren Steven Seagal som redda verda mange gonger på 90-talet. Steven Seagal kjem ikkje til Telemarkfestivalen, men det gjer Steven'n'Seagulls - og dei er faktisk enda tøffare!

**Medverkande:**
**Remmel** - vokal, akustisk gitar, balalaika, mandolin
**Skubu** - Trommer, perkusjon, vokal
**Jamppa** - kontrabass, vokal
**Hiltunen** - trekkspel, kantele, mandolin, tangentar, fløyte
**Herman** - banjo, akustisk gitar, vokal



## SUNDAGSKURS PÅ EVJU BYGDETUN

PÅMELDING TIL ALLE KURS: POST@TELEMARKFESTIVALEN.NO

**Sundag 13. august kan du bli med på mange spennande kurs på Evju bygdetun - alt frå munnharpekurs til kurs i plantefarging av garn. Ein deileg lunsj med urtest mat frå Evju bygdetun er inkludert i kursavgifta.**

**Kvedarkurs med Anne Gravir Klykken**
***Raudstugo :: Kl 11.00-14.00 :: 285,- :: 8 plassar***
Velkomen til kurs i folkesong frå Telemark! Kurset blir ei uhøgtideleg samling der deltakarane syng seg gjennom stubbar, viser, slåttestev og bånsullar frå Telemark med Anne Gravir Klykken som kursleiar. Kurset vil sveipe innom stiltrekk og historie knytta til songforma. Kurset kan passe både for deg som er nybyrjar, og for deg som er meir trena!

**Munnharpekurs med Simen Roheim Iversen**
***Møllargutstugo :: Kl 11.00-14.00 :: 285,- :: 8 plassar***
Simen Roheim Iversen fekk ei munnharpe til jol i 2013 og har spelt utan stopp sidan. Munnharpa har på mange måtar staka ut kursen, og han er no utdanna folkemusikar og metallsmed. Når han ikkje er opptatt med å lage sine eigne munnharper i smia si på Evju bygdetun, så spelar han munnharpe på konsertar og kappleikar eller held kurs. Dette kurset vil vere for nybyrjarar der ein mellom anna vil lære opne- og lukketeknikken, som er ein grunnleggjande teknikk for melodispel på munnharpa.

PS! Om du ikkje har eiga munnharpe sjølv kan du låne eller kjøpe av Simen!

**Kurs i teledans med Kristian og Borghild**
***Nye Sjodar :: Kl 11.00-14.00 :: 285,- :: 8 p[illegible]***
Borghild [illegible]rdang-Hanto og Kristian Ihle Hanto har v[illegible]sarar sidan barne- og ungdomsåra, og f[illegible]nga har vore dans til slåttespel med særdrag [illegible]nidtre og austre Telemark. [illegible]har vore A-klass[illegible]ansarar sidan 70- og 80-[illegible], og har halde tallause kurs i springar, gangar og halling, her heime og i utlandet. Dette kurset [illegible] både nybyrjarar og for dei som har [illegible]

**Kortkurs i karveskurd med Karina Børven**
***Verkstaden :: Kl 11.00-14.00 :: 385,- :: 8 plassar***
Med skjereblokk og kniv kan du lage dei flottaste geometriske mønster. Denne formiddagen får du ei rekke nyttige basiskunnskapar som du kan bygge vidare til uendelege mønster og designvariasjonar. Karveskurd har vore ein vanleg og viktig dekorasjonsform i fleire hundre år og har særleg vore utbreidd på landsbygda.

**Kortkurs [illegible] plantefarging av garn**
**[illegible] Laila Glittenberg**
***Utandørs [illegible]ak Verkstaden :: Kl 11.00-14.00***
***335,- :: 8 plassar***
Få ein kort og spennande introduksjon til plantefarging under Telemarksfestivalen. Planteriket i Evju sitt nærområde er base for farging av ullgarn. Materialkostnader er inkludert i prisen. Kanskje du får lyst til å prøve meir etter denne dagen?

**K[illegible]ing av bringeklutskjorte**
[illegible] Hol[illegible]
[illegible] 285,- :: 8 plassar
[illegible] ei fargerike bringe- [illegible] stakk og liv [illegible] du sjans[illegible] ei enklare alternativ [illegible] kvit bomull, og [illegible] blomst[illegible] bomull, [illegible]

Obs! De[illegible] grunnleg- gande sau[illegible] med stoff (2 met[illegible] symaskin og saks[illegible] kurset har [illegible] plassar.

*Obs! Kursa må ha [illegible] deltakarar for å kunne gjennomførast.*


Foto: Knut

## FAMILIEDAG PÅ EVJU BYGDETUN

SUNDAG 13. AUGUST :: EVJU BYGTETUN :: KL 12.00-15.00 :: GRATIS!

### Familiedag på Evju bygdetun

Evju bygdetun er ein historisk gard med verna kulturlandskap på Sætersbø mellom Bø og Gvarv. Evju Bygdetun arrangerer utstillingar, kurs, konsertar, foredrag, aktivitetsdagar og matdagar. I lag vil me ønskje velkomen til ein hyggeleg familiedag på Evju bygdetun med musikk, dans, marknad, artige aktivitetar og god mat og drikke.

I løpet av dagen vil det vere danseleik med halling-spark, sløydleik med spikking og sanseløype i mat-hagen for born, samt fleire spel og leikar til fri bruk på tunet. Det vert musikalske innslag, og ungdom-mane i Nes nasjonale dansarring visar seg fram med eiga danseoppvising med påfølgjande dans for dei som vil hive seg med!

Det vil òg vere handverksmarknad med mange flott og spennande produkt frå lokale tilbydarar! Evju bygdetun sel som vanleg deileg ureist mat gjennom heile dagen! Feleutstillinga vil vere open!

***Obs! Det er diverre vanskeleg å flytte heile Evju bygdetun innandørs, men viss dårleg vêr vil me skipe til hyggeleg stemning inne på låven.***




Foto: André Hustoft Nesheim

## Borgjakonserten: JOHANNE FLOTTORP OG ANNE HYTTA

SUNDAG 13. AUGUST :: NYE SJODAR – EVJU BYGDETUN :: KL 15.00 :: 285,-

### Agder og Telemark møtast i Borgjakonserten

Anne Hytta og Johanne Flottorp er to hardingfele-spelarar med sterke røter i kvar sin tradisjon. Anne med Løndals-spelet frå Tuddal i botnen, Johanne med Tovdals-tradisjonen etter Salve Austenå. Dei to felespelarane har dei siste åra samarbeidd mykje i hardingfeletrioen Hitterdal, som spelar arrangerte slåttar frå Telemark, og på kvar sin kant er dei aktive på mange scener i ulike sjangeruttrykk. På Telemark-festivalen i år er dei begge aktuelle med kvart sitt tingingsverk.

Når dei møtest på Nye Sjodar for å halde Borgja-konserten saman, vil dei framføre slåttar i formene dei har med seg heimanfrå i eit klingande møte med deira eigne personlege uttrykk. Publikum vil få høyre slåttar som har utvikla seg ulikt i aust og vest i Telemark og indre Agder opp igjennom historia, og dei vil få høyre nye slåttar av utøvarane sjølve.

**Medverkande:**
**Johanne Flottorp** – hardingfele
**Anne Hytta** – hardingfele

**Meir info**

**La bilen stå, ta buss!** Telemarkfestivalen har i samarbeid med Ferdia satt opp Sharebus-ruter tur/retur i samband med konserrtane på Evju bygdetun og Villa Lunde sundag 13. august. Det er òg satt opp rute for dei som ønskjer å få med seg begge konsertane!

Meir info/ bestilling:



## CARSTENSEN, AKSELSEN, KVERNBERG: «HORTA»

SUNDAG 13. AUGUST :: VILLA LUNDE :: KL 17.30 :: 365,-

### Ekte og genuint møte med tre av musikkens meistrar!

Elias Akselsen og Stian Carstensen har vore musikalske følgjesvener i ei årrekke, men dette samarbeidet er ferskvare. I lag med felespelaren Ola Kvernberg presenterte dei plata «Horta» hausten 2022. «Horta» er romani og tyder «ekte». Plata består av ni personlege tolkingar av tatermusikk som rommar både skillingsviser og balkanrytmar. Plata vart nomnert til Spellemann i kategorien «Folkemusikk/tradisjonsmusikk». Med Akselsens unike stemme og nærvær får publikum servert eit tverrsnitt av den taterske musikkarva frå eit av dei siste tidsvitna til taterane si tragiske – men òg rike – historie; ein ekte romani. Publikum får også høyre spor av korleis dei samtidige musikktradisjonane har hatt innverknad på kvarandre. Ein veit til dømes at kjende norske folkemusikarar som Myllarguten og Fante-Karl spelte tater-musikk, som har overlevd i form av slåttar og såleis blitt norske.

Måten folkemusikarar og taterar har gjort inntrykk på kvarandre opp gjennom historia, speglar jazzfilosofiske ideal og haldningar til livet: ein møter ei verd i stadig endring med eit opent sinn og tar med seg det som gjer inntrykk – det som gir fot – og så går ein vidare. Kanskje sit ein igjen med eit meir nyansert inntrykk av kulturell identitetsskaping enn den polariserte varianten vi er vant til å halde oss til, etter å ha høyrt «Horta»? Tida vil vise.

I lag med våre venner i Villa Lunde er me stolt vertskap for desse musikalske meistrane!

**Medverkande:**
**Stian Carstensen** – trekkspel
**Elias Akselsen** – vokal
**Ola Kvernberg** – fele

22

## OVERNATTING OG TURISTINFORMASJON

**BØ HOTELL**
**MIDT I BØ SENTRUM**
Gullbringvegen 32 / 35 06 08 00
post@bohotell.no
bohotell.no

**BØ CAMPING**
Lifjellvegen 51 / 35 95 20 12
bocamping@bo.online.no
bocamping.no

**BEVERØYA HYTTEUTLEIE OG CAMPING**
Gvarvvegen 80 / 35 06 18 81
post@beveroya.no
beveroya.no

**LIFJELLSTUA**
Lifjellvegen 934 / 35 95 33 80
lifjellstua@lifjellstua.no
lifjellstua.no

**NORSJØ HOTELL**
Nordagutuvegen 81, Akkerhaugen
35 95 50 00
post@norsjohotell.no
norsjohotell.no

**AASGRAV FAMILIECAMPING**
Gvarvvegen 205
35 95 01 95
post@aasgravcamping.no
aasgravcamping.com

## RESTAURANTER OG KAFÉAR

**HUSLY**
Bøgata 61 / 475 13 575
Ope mån–laur kl 10.00–16.00
Nyt lunsj eller middag i flotte omgjevnader. Uteservering.

**PIZZAFJOSET**
Bøgata 11 / 35 95 00 12
Ope mån–fre kl 15.00–22.00, laur–sun kl 13.00–22.00. Pizzabuffet kvar dag. Steakhouse/familierestaurant. A la carte. Uteservering.

**DATTEBAYO**
Folkestadvegen 1 / 35 95 20 00
Ope mån–tors kl 12.00–21.00, fre–laur kl 12.00–22.00 og sundag kl 14.00–21.00.
Sushi og wok.

**AARNES KAFETERIA**
Strannavegen 302 / 35 95 57 33
Ope kl 08.00–20.00 kvar dag.
God variasjon i middag, smårettar, smørbrød og kaker.

**SUM YEE**
**CHINESE RESTAURANT OG BAR**
Stasjonsvegen 28 (Bø senteret)
35 95 00 01
Ope mån–laur kl 11.00–22.00, sundag kl 14.00–22.00. Kinesisk kvalitetsmat!

**PROVENCE RESTAURANT**
Bøgata 70 / 35 95 35 96
Ope ons–tors kl 12.00–22.00, fre 12.00–24.00, laur 13.00–24.00 og sundag 14.00–21.00.
Fransk mat i Midt-Telemark!

23

25


SLIPP LØS
HÅNDVERKEREN
I DEG
BM
BYGGMAKKER
BØ
Grivisvingen 2, 3802 Bø i Telemark
Tlf: 35 06 19 00 - Åpent: 7-18 (9-15)
www.byggmakker.no


SOMMERENS
BESTE
UTVALG
MENY
9-21 (20)
Du finner oss
på Bø Senteret!
Meny Bø


Kos dere med
fine opplevelser på
Telemarkfestivalen.
Vi gleder oss til å
skape gode festival-
minner sammen med
dere.
- Stolt sponsor og
bestevenn.
SpareBank 1
SØRØST-NORGE


VÅR KRAFT
- DIN ENERGI
TELEMARK
energi
tenergi.no
Kraftriket
Telemark
kraftriket.no

24



SYSTEMBLOKK
www.systemblokk.no




Sønstebø tunet
WWW.SØNSTEBØTUNET.NO
3800 BØ
TELEFON: 35 06 10 90
ÅPNINGSTIDER PÅ TUNET
MANDAG-FREDAG 10-18
LØRDAG 10-16
• 1928 SØNSTEBØ
• BØ REGNSKAP
• CUBUS
• EUROSKO
• O'LEARYS BØ 35 95 01 75
• SPILLEREN SPORT 91 70 73 34
• SØNSTEBØ PROFIL 47 32 62 55
• PRINCESS 35 06 10 95
• TANGO FRISØR 35 95 00 06
• VARDEN 97 68 86 94
• VINMONOPOLET 23 97 16 60
Åpningstider i butikkene
MANDAG-FREDAG 10:00-18:00
LØRDAG 10:00-16:00
Velkommen til Tunet!
O'Learys
SPORTS BAR & RESTAURANT • BOWLING & GAMES
VINMONOPOLET
MANDAG-TORSDAG 10:00-17:00
FREDAG 10:00-18:00
LØRDAG 10:00-16:00
Ta vare på lokalbutikkene – velkommen til en trivelig handel hos oss!




I snart 50 år har vi jobbet med den norske hyttedrømmen. Flere av våre modeller er klassikere i den norske fjellheimen og i dag har vi kanskje landets største utvalgt av hytter på fjellet, i skogen og ved sjøen.
For noen år siden tok vi skrittet og startet med hus. Nå bygger vi så vel tradisjonelle som moderne. Alle med lidenskap for tradisjoner, soliditet og spesielt gode planløsninger.
Det siste er kanskje vår største suksess.
BUEN®
buenhytter.no




Takk til sponsorar, samarbeids-partnarar og frivillige!
KULTURRÅDET Arts Council Norway
Vestfold og Telemark FYLKESKOMMUNE
Midt-Telemark kommune
Bø blad

Design: Toogtyve

# PROGRAM TELEMARKFESTIVALEN 2023

**TORSDAG 10. AUGUST**

| Arrangement | Kl | Pris | Stad |
|---|---|---|---|
| **Tingingsverk:** «Som lindi bere lauv» | 19.00 | 335,- | Bø kyrkje |
| Festivalkviss | 20.00 | Gratis! | The Bull Inn |
| **Tingingsverk:** «Songhus» | 21.00 | 335,- | Bø gamle kyrkje |
| Magnus Wiik & Rose Logan | ca 22.30 | Gratis! | The Bull Inn |

**FREDAG 11. AUGUST**

| Arrangement | Kl | Pris | Stad |
|---|---|---|---|
| Per Anders Buen Garnås & Stein Versto: «Tuntreet» | 16.00 | 285,- | Nye Sjodar - Evju bygdetun |
| UngFOLK | 17.30 | Gratis! | Gullbring, Framstugo |
| Opningskonserten | 19.00 | 365,- | Gullbring, Storsalen |
| Hått og festivaldans | 21.00 | 235,- | Gullbring, Framstugo |
| **FredagsFOLK på Kroa i Bø** - Dørene opnar kl 20:30! | 20.30-01.30 | 365,- | Kroa i Bø |
| Ingrid Jasmin | 21.00 | | |
| Resjemheia+++ | ca 22.30 | | |
| MÍO | ca 00.00 | | |

**LAURDAG 12. AUGUST**

| Arrangement | Kl | Pris | Stad |
|---|---|---|---|
| Torgfestivalen - familiedag med aktivitetar og gratiskonsertar | 11.00-16.30 | Gratis! | Bø torg |
| Familiekonsert: «Hått sa'ru?» | 13.00 | Gratis! | Evjudalen |
| Sudan Dudan + Synnøve Brøndbo Plassen | 16.00 | 285,- | Konsertlåven, Nordbøvegen 10 |
| **LaurdagsFOLK i Gullbring Amfi** - Dørene opnar kl 18:30! | 18.30-01.00 | 365,- / 555,- | Gullbring, Amfiet |
| Ni Liv - 20 år: Jubileumskonsert med gjestar | 19.30 | | |
| Yagody | ca 21.45 | | |
| Steve'n'Seagulls | ca 23.00 | | |

**SUNDAG 13. AUGUST**

| Arrangement | Kl | Pris | Stad |
|---|---|---|---|
| Kursprogram | 11.00-14.00 | 285,- / 335,- / 485,- | Evju bygdetun |
| Familiedag på Evju bygdetun | 12.00-15.00 | Gratis! | Evju bygdetun |
| **Borgjakonserten:** Johanne Flottorp & Anne Hytta | 15.00 | 285,- | Nye Sjodar - Evju bygdetun |
| Stian Carstensen, Elias Akselsen, Ola Kvernberg: «Horta» | 17.30 | 365,- | Villa Lunde |

**Festivalpass: 1935,-**

* **Alle billettar til alle arrangement selgast via Gullbring kulturhus.**
* Alle prisar er ink. bill. avg.
* Born til og med 14 år har gratis adgang. Frå og med 15 år gjeld ordinære prisar. Personer under 18 år må gå i følgje med foreldre/foresatte
* **Alle tidspunkt markerer konsertstart. Publikum bør kome i god tid før konserten startar.**

## Takk til sponsorar, samarbeidspartnarar og frivillige!

Kulturrådet Arts Council Norway · Vestfold og Telemark fylkeskommune · Midt-Telemark kommune · Bøblad · Telemark energi · Kraftriket · SpareBank 1 Sørøst-Norge

**Telemarkfestivalen**